



**Ullensvang
kommune**

Veteranplan

2024-2027



Vedteke i Ullensvang kommunestyre. xx.10.24



Innhold

2024-2027	0
Innhold	1
GRUNNLAGET FOR VETERANPLANEN	2
MÅL	2
Mål for kommunen sin veteranplan:	3
ANERKJENNING	4
Tiltak	4
IVARETAKING	6
TILTAK	7
OPPFØLGING	8
TILTAK	8
EVALUERING AV PLANEN	9
FORSVARET SITT TILBOD	9
KONTAKTINFORMASJON FOR VETERANAR OG PÅRØRANDE	10





GRUNNLAGET FOR VETERANPLANEN

Norge har tradisjon for å spele ei aktiv rolle i det fredsbevarande arbeidet i verda. Dette har mellom anna si forklaring ved at Noreg er ein ettertrakta samarbeidspartnar som fredsbevarande aktør i internasjonale konfliktar. Sidan 1947 har 100 000 nordmenn gjort teneste i internasjonale operasjonar. Dette omfattar 100 operasjonar på fire kontinent. Sidan oppstarten av FN-operasjonen i Libanon i 1978 har meir enn 40 000 bidratt i teneste for Noreg og det internasjonale samfunnet, i freden si teneste. Det er i dag kring 80 000 veteranar i Norge.

Merksemda om å ivareta og følgje opp dei som har gjort teneste under krevjande forhold i internasjonale operasjonar, har auka dei siste åra. Behandlinga av krigsseilarane etter krigen er noko vi som samfunn ikkje er stolte av. På bakgrunn av dette kom St.meld nr. 34 i 2009 «Frå verneplikt til veteran». Denne meldinga skulle bidra til å skape større forståing i samfunnet for veteranane sitt oppdrag, situasjon og behov. I regjeringa si oppfølgingsplan frå 2014 ligg det eit oppdrag til kommunane:

«Det bør legges til rette for bedre samhandling og utvikling av lokale tiltak for oppfølging og ivaretakelse av personell som har vært i internasjonal tjeneste. Kommunene oppfordres til å utarbeide kommunale eller interkommunale veteranplaner. Planene bør fokusere på behov til veteraner og deres familier, med fokus på samhandling mellom ulike kommunale aktører. Sentrale elementer i planene bør være kompetanseheving, beskrivelse av forpliktende samarbeid mellom relevante aktører, og ivaretakelse av veteraner og deres familier, som har behov for ulike tilbud.»

Situasjonen lokalt

Personvernreglane gjer at ein i dag ikkje kan få innsyn i statistikk når det gjeld veteranar, men truleg er det kring 60 veteranar i Ullensvang kommune. Då meiner ein veteran i den tydinga vi her bruker omgrepet, altså ein person som har deltatt i internasjonale militære operasjonar. Personar som har vore i utanlandsoppdrag for politiet, Utanriksdepartementet eller FN, kan ha liknande erfaringar, utan at dei kjem inn under denne definisjonen. For kvar veteran tenkjer ein gjerne at om lag 10 andre personar er berørt på ein eller annan måte.

Veteranane i Ullensvang har ikkje organisert seg i ei felles foreining. Dei er i ulik grad engasjert i nasjonale og/ eller regionale organisasjonar. NVIO (Norges Veteranforbund for internasjonale operasjoner) er ei nasjonal organisasjon med kring 7000 medlemmar og 60 lokalforeiningar.

MÅL

Presidenten i NVIO, Ole Asbjørn Fauske seier at 90 % av veteranane klarer seg godt etter teneste ute, og dei representerer ein ressurs og viktig kompetanse for samfunnet. 10 % har større eller mindre utfordringar som må handterast lokalt i kommunen. Han meiner at det viktigaste med ein veteranplan er å synleggjere





veteranane som ein ressurs, og at kommunen er open for å nyttiggjere seg av den kompetansen som denne gruppa representerer.

Forsvaret har utarbeidd eit rettleiingshefte der dei gir råd om kva ein slik veteranplan bør innehalde. Dei peikar på tre hovudområde som planen bør seie noko om:

Anerkjenning, ivaretaking og oppfølging. Denne planen er laga m.a. med utgangspunkt i denne rettleiinga, og er bygd opp kring desse tre stikkorda.

Veteranplanen er forankra i følgjande hovudmål og delmål i kommuneplanen sin samfunnsdel:

Hovudmål	Delmål
Ullensvang er ein god stad å bu, FNs berekraftsmål nr 3: Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder	Ullensvangsamfunnet er eit helsefremjande, inkluderande og trygt samfunn
Innbyggjarane i Ullensvang har god livskvalitet	Ullensvang har eit variert og inkluderande kultur-, fritids-, idretts- og frivilligheitsliv Ullensvang har eit tenestetilbod som fremjar god folkehelse
Ullensvang er eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn	Ullensvang ynskjer å vera ein kommune med inkluderande arbeids- og næringsliv.

Mål for kommunen sin veteranplan:

- Ullensvang kommune verdset, tek i vare og følgjer opp veteranane, både under og etter internasjonal teneste for Norge.
- Planen skal sikre god samhandling internt i kommunen og medverke til at veteranar og familiær blir møtt med forståing og rett kompetanse.
- Kommunen er open for å sjå på veteranane som ein ressurs, og nyte den kompetansen som veteranar har, der det er naturleg.
- Kommunen skal gjøre det enkelt for veteranar og andre å finne informasjon om tenestetilbod i regi av kommunen og aktuelle organisasjonar for veteranar og deira familie.



ANERKJENNING

Personell som har tenestegjort i internasjonale operasjonar, har tileigna seg ei særleg erfaring og kompetanse. Denne kompetansen kan vere nyttig for kommunen i ein rekke samanhengar. Det at personellet får nytte og delt denne kompetansen i heimkommunen, vil vere av stor betydning for deira oppleving av å bli anerkjent for tenesta dei har gjort.



Kompetansen som veteranar har opparbeidd seg i utanlandsteneste, kan vere av ulik karakter. Det kan handle om evne til å handtere ulike kriser, både i form av leiarskap og ved det å kunne ta vare på folk i krisesituasjonar. Leiarskap generelt, og leiarskapsutvikling er eit anna relevant kompetanseområde. Personar som har vore i utanlandsteneste har ofte god kjennskap til andre kulturar, noko som kan gjere desse til gode ressursar i samband med integreringsarbeid for flyktingar og arbeidsinnvandrarar.

Offentlege seremoniar og markeringar er viktig med tanke på synleggjering av veteranane og deira innsats. For mange vil dette vere den beste måten å få si anerkjenning på. 8. mai er no den offisielle veterandagen, i tillegg til at det er frigjerdingsdagen til minne om 8. mai 1945. Det er naturleg å nytte denne dagen til å gje konkret heider til veteranane.

Tiltak

Anerkjenning:	Ansvar:
<p>Nytte kompetansen til veteranane</p> <ul style="list-style-type: none"> Tilsette i kommunen med veteranbakgrunn kan vere ein viktig ressurs med tanke på kompetanse innanfor t.d. beredskapsarbeid eller opplæringsaktivitetar. Kommunen vil gjennomføre ei undersøking for å komme i kontakt med tilsette som kan vere interessert i slike oppgåver eller oppdrag. Skulane i kommunen vil vurdere å nytte lokale veteranar i undervisninga, i samband med FN-dagen, knytt til Polen- turane, eller der det vil passe med opplæringsplanane deira. Hovudfokuset vil vere på norsk personell sin fredsbevarande innsats. 	<p>Kommunalsjef HR</p> <p>Kommunalsjef Oppvekst og utdanning</p>





<p>Seremoniar og markeringar</p> <ul style="list-style-type: none"> • 8. mai er den offisielle veterandagen i Norge, i kombinasjon med frigjøringsdagen. Kommunen markerer dagen med kransnedlegging ved bautaen i rådhusparken Odda, og på minnetavla på Berjaflot. • Veteran treff 8.mai med enkel servering. • Kransnedlegging 17.mai på bautaen i Jondal, Kinsarvik, Tyssedal og i rådhusparken, russe legg ned krans på minnetavla på Berjaflot. • Det vert vurdert lokale arrangement på innbyggartorga/ biblioteka for å synleggjere veteranane og den innsatsen dei representerer. • Bergen kommune arrangerer årleg ei større samling for veteranane på 8. mai, der også veteranar frå omegnksommunane til Bergen vert invitert inn. Kommunen skal bidra til å gjere dette arrangementet kjent for veteranar i Ullensvang. 	Ordførar/rådmann Rådmann/ordførar Kommunalsjef Kultur, nærings og samfunn Kommunalsjef Kultur, nærings og samfunn
<p>Støtteaktivitetar for veteranar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommunen skal skaffe seg oversikt over lokale veteranorganisasjonar, legge til rette for samarbeid mellom kommunen og desse, samt ta initiativ til dialogmøte for å utveksle erfaringar og vidareutvikle innsatsen. • Kommunen vil vurdere å gje støtte til lokale aktivitetar i regi av veteranorganisasjonane, for veteranane og deira familiar. • Kommunen vil gje veteranane tilgang på møtelokale der veteranane kan ha ulike samlingar og møte. 	Veterankontakt Kommunalsjef Kultur, nærings og samfunn Kommunalsjef Kultur, nærings og samfunn





IVARETAKING

Kommunen har ansvaret for at innbyggjarane har tilgang til nødvendige helse- og omsorgstenester. Dette gjeld sjølv sagt også for personar som har vore deltagarar i internasjonale militære operasjonar. Som nemnt over, greier dei fleste veteranar seg bra etter tenesta, mens nokon vil ha større eller mindre problem og utfordringar som følgje av det dei har opplevd. For fastlegar og tilsette i kommunen sine tenester, vil det vere viktig å vite at årsaka til fysiske og psykiske helseplagar kan vere belastning i tilknyting til internasjonale operasjonar, også når dette ligg langt tilbake i tid. Det må sikrast at det innan kommunen sine helsetenester, i skular, barnehagar og i PPT finst nødvendig kompetanse på dette feltet.

Kommunen må bidra til god og lett tilgjengeleg informasjon om dei tilboda kommunen har på dette området, og også om dei tilboda som Forsvaret og veteranorganisasjonane har. Kommunen si heimeside på internett vil bli nytta til dette, og det må vurderast om det skal utarbeidast brosjyremateriell for føremålet.

Kommunen vil opprette ein kommunal veterankontakt som har ansvar for å halde oversikt over kommunen sitt tilbod til veteranar og deira familiær, samt vere eit kontaktpunkt og ei dør inn. Etablering av ein kommunal veterankontakt vil dessutan vere eit viktig tiltak for å koordinere eit samarbeid med sentrale aktørar innan feltet, som Forsvarets veteraneneste, dei frivillige organisasjonane og dei regionale ressurssentera om vald, tramatiske stress og sjølvmordsførebygging (RVTS). Oppgåva som veterankontakt vil bli lagt til ei eksisterande stilling i kommunen.





TILTAK

Ivaretaking:	Ansvar:
<p>Førebygging og kompetanseheving</p> <ul style="list-style-type: none"> Kommunen skal gi informasjon på nettsida vår om dei tilbod som finst i kommunen og i regi av Forsvaret og frivillige organisasjonar, for veteranar og deira familiar. Kommunen vil sende eit informasjonsbrev til alle fastlegar, skulehelsetenesta, NAV-kontor m.fl. med informasjon om dei særlege behov som veteranar og deira familie/ barn kan ha. Kommunen har peikt ut ein veterankontakt som har ansvar for å halde oversikt over kommunen sitt tilbod til veteranar og deira familiar, samt vere eit kontaktpunkt og ei dør inn. <p>Stig Hope er kommunen sin veterankontakt. Veterankontakten skal og koordinere eit samarbeid med sentrale aktørar innan feltet, som Forsvarets veteraneneste, dei frivillige organisasjonane og dei regionale ressurssentera om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging (RVTS).</p> <ul style="list-style-type: none"> For å auke kompetansen på dette feltet for tilsette i kommunen, vii det bli arrangert felles fagdag pa tvers av kommunalsjefsområda. 	Rådmann/ informasjonsansvarleg Veterankontakt/rådmann Rådmann Kommunalsjef HR/ Sektorane
<p>Skular og barnehagar</p> <ul style="list-style-type: none"> Tema knytt til Norges rolle som fredsbevarande aktør i internasjonale konfliktar skal formidlast i skulane i Ullensvang. t.d i samband med FN-dagen. M.a. i leiarmøte for einingsleiarar i skular og barnehagar skal ein sikre bevisstheit om veteran temaet for dei tilsette som dagleg jobbar med barn og unge og deira familiar. Dette temaet kan og leggast inn i elevane sitt førebuingsarbeid til Polen-turane. 	Kommunalsjef for Oppvekst og utdanning



OPPFØLGING

Oppfølging vil alltid skje med bakgrunn i eit definert behov. Eit mindretal av dei som har deltatt i internasjonale operasjonar vil oppleve helsemessige utfordringar kortare eller lengre tid etter avslutta oppdrag. Det er då viktig at dei vert møtt og følgt opp av eit kommunalt tenestetilbod der dei tilsette har eit minimum av kunnskap om kva slik internasjonal teneste inneber, og kva særskilte utfordringar og problem som kan følgje av denne tenesta.

Forsvaret er pålagt ei oppfølgingsplikt for personellet sitt i eitt år etter at dei er kome tilbake frå internasjonal teneste. Dette er ei oppfølging som kjem i tillegg til, men som ikkje skal erstatte dei tenester kommunane og andre offentlege etatar skal yte for sine innbyggjarar.

I dei tilfelle der veteranar har fått problem etter tenesta si, vil dette også kunne få følgjer for familie og pårørande. Problematikken kan vere kompleks og involvere fleire kommunale tenesteområde. Samhandling på tvers av fagfelt og forståing for dei ulike faginstansane si betydning i oppfølginga, kan vere viktig for å sikre eit heilsakapleg tilbod til veteranane og deira familie.

TILTAK

Oppfølging:	Ansvar:
Kommunehelsetenesta <ul style="list-style-type: none"> Tilsette ved helsestasjonane skal vere merksame på eventuelle behov for ekstra støtte og rettleiing til familiar der eitt familiemedlem er, eller har vore i internasjonale operasjonar. 	Kommunalsjef Oppvekst
<ul style="list-style-type: none"> Helsesjukepleiarane skal ved behov sikre oppfølging av familien og ha eit særleg auge for barna i familien som ein møter i helsestasjon og skulehelsetenesta. Kommunen skal vurdere å etablere ansvarsgruppe når det er behov for samordning av tenester for å sikre god oppfølging. Distriktspsykiatrisk senter (DPS) og barne og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP) er naturlege samarbeidspartar i slikt arbeid. 	Kommunalsjef Helse og omsorg
Skule, barnehage, PPT og barnevern <ul style="list-style-type: none"> Kommunen skal om naudsynt sikra at tilsette i Oppvekst og utdanning får tilbod om kurs for å auke kompetansen om veteranar og betydninga av deira erfaringar og utfordringar for familien, og barn spesielt. 	Kommunalsjef Oppvekst





NAV	<ul style="list-style-type: none"> Kommunen vil vurdera å gjennomføra kurs for NAV lokalt for å auke kompetansen om veteranar, deira erfaringar og utfordringar, samt rettigheiter knytt til erstatningar. Kompetansemiljøet i NAV Elverum kan nyttast for å bidra med slik kursing. 	NAV-leiar
------------	---	-----------

EVALUERING AV PLANEN

Det er vanskeleg å vite kor godt planen treff dei reelle behova den er meint å fylle. Det er derfor viktig at planen vert evaluert og at ein vurderer i kva grad tiltaka i planen er sett i verk. I ei slik evaluering må ein involvere både kommuneorganisasjonen og målgruppa, veteranane. Tidspunkt for slik evaluering vert sett til år 2 etter vedtak i kommunestyret. Det er rådmannen sitt ansvar at evalueringa vert gjennomført.

FORSVARET SITT TILBOD

Forsvaret har eige tilbod som gjeld både før, under og etter teneste i internasjonale operasjonar. Dette vert å sjå på som eit supplement til det offentlege tilbodet i kommunane, men ikkje som ei erstatning.

Før utreise vert det arrangert ei fellessamling for soldatane og deira familiar. Her får ein informasjon om sjølve operasjonen og tilhøva i området der ein skal gjere teneste.

Ivaretaking av barn og familie elles er også tema på denne samlinga.

Under utanlandstenesta har Forsvaret ein 24-timars kontakttelefon for pårørande. Det vert også arrangert familiesamlingar underveis, m.a. for å gje informasjon frå operasjonsområdet.

For å førebu overgangen til eit liv etter tenestegjering i ei krigssone, vert det arrangert ei samling på to til tre dagar, kalla «mellomlanding», på vegen heim. Overgang til livet heime er ofte stor, og under «mellomlandinga» vert det gjennomført debrief, samtale med psykolog og erfaringsdeling. Ved heimkomst i Noreg vert det arrangert ein medaljeseremoni for å heidre soldatane, ei samling som også pårørande vert invitert til.

Forsvaret har eit oppfølgingsansvar i eitt år etter heimkomst. Etter tre til seks månader tar Forsvaret kontakt for å høyre korleis den første tida heime har vore. Etter eitt år arrangerer Forsvaret ei samling der personellet som har vore ute møtast for å dele erfaringar om korleis det var å komme heim. Her deltar psykolog. Formelt sett vert Forsvaret si oppfølgingsplikt avslutta etter eitt år. Likevel kan alle når som helst kontakte Forsvaret med spørsmål om rettigheiter, hjelp og tilbod for veteranar. For slik oppfølging er «Forsvarets opne dør» oppretta. Dette er eit kontor som er opent alle kvardagar, bemanna med eit tverrfagleg team med både militært og sivilt tilsette. Teamet har lang erfaring med å gje råd og rettleiing til veteranar og deira familiar.





KONTAKTINFORMASJON FOR VETERANAR OG PÅRØRANDE

Veterankontakt Ullensvang kommune:

Stig Hope -
stig.hope@ullensvang.kommune.no
tlf 91741793

Kommuneoverlege Ullensvang kommune:

Daniela Bruhl -
daniela.bruhl@ullensvang.kommune.no
tlf 90225821

Forsvarets opne dør for veteranar

Kontakt: veteraner@mil.no eller tlf 800
85 000 (kl. 08.00-15.00 på kvardagar)

NVIO – Norges Veteranforbund for internasjonale operasjoner

<https://bergenogomland.nvio.no/>

E-post: post@bergen.nvio.no

Veteranforbundet SIOPS – Skadd i internasjonale operasjoner

Hjelp til oppfølging og rettleiing i møtet med det offentlege, juridisk hjelp og eksperthjelp innan økonomiske spørsmål.

www.siops.no.
Tlf. 22 69 56 50
E-post: post@siops.no

INTOPS BERGEN & OMLAND OPP OG UT

Frivillig organisasjon driven av og for veteranar. Arrangerer opne og gratis arrangement for IntOps- veteranar, pårørende og etterlatte.

Webseite:
www.oppogut.org
Tlf. 913 87 660
Kontaktperson Ullensvang: Bjørn Dåvøy, tlf 991 66 736

Kameratstøtte.no

Ei nettbasert rettleiingsteneste for veteranar og familien. Vert driven i samarbeid med NVIO og Mental Helse.

www.kameratstotte.no

Kameratstøttetelefonen 800 48 500

Ein landsdekkande, døgnbemanna hjelpetelefon der ein får snakke med ein som har tenestegjort utanlands. Ein kan vere anonym.

Forsvaret si informasjonsside for veteranar

<https://forsvaret.no/veteraner>





Forsvarets sanitet/IMPS/NMP (Nasjonal militærmedisinsk poliklinikk)
Tlf 23 09 79 30

NAV – Kompetansemiljøet for veteransaker

<https://www.nav.no/veteran#kontakt>

E-post: veteran@nav.no

**Forsvarets
veteransenter Bæreia**

[Tlf 68 82 01 00](tel:68820100)

<https://www.forsvaret.no/veteraner/veteransenteret>

Kreditering foto: Forsvaret

